

Har nokon kjennskap til Andreas Christian Wernøe frå krigsåra.

27.05.2020




Morten Nygård i Grenda etterspør informasjon om denne mannen, evt. frå illigalt arbeid i Uskedalen i 1943.

Motstandsmannen Andreas Christian Wernøe var i Kvinnherad i 1943, truleg også i Uskedalen. Artikkelen Menneske, tiden og tanken er skriven i Uskedalen 28. oktober 1943, eit halvt år før han omkom. Han vart arrestert april 1944 og sat på Gestapohuset i Bergen. For å ikkje røpa viktig informasjon om etterretningstenesta og motstadsorganisasjonen kasta han seg ut frå eit vindauga i stor høgde og døydde av skadene. Han er gravlagd på Møllendal kyrkjegard, Bergen.

I ein serie lokalhistoriske artiklar, 75 år sidan krigen tok slutt, i Grenda kjem det fram interessann dokumentasjon om Andreas Christian Wernøe, truleg frå illigalt arbeid i Kvinnherad. Så lagt er det ingen i Uskedalen som kjenner til mannen og bakgunnen for artikkelen Menneske, tiden og tanken, skriven 28. oktober 1943.

I arbeidet Trond Ramsøy og Lars Jostein Røyrvik gjer med å leita fram dokumentasjon frå illigalt arbeid i Kvinnherad i krigsåra, kjem det fram mykje nytt som til no har vore stempla lkkje offentleg i krigshistoriske arkiv. Her dukkar namnet Andreas Christian Wernøe opp. Han har vore sentral i motstandskampen, langt viktigare og meir omfattande enn det som har vore kjend til no.



[Artikkelen Menneske, tiden og tanken, skriven i Uskedalen 28. oktober 1943.](#)

Andreas Christian Wernøe er omtalt i bokverket Våre falne. Han er fødd i 1916 og hadde utdanning frå teknisk skule. I sitt illegale arbeid fotograferte han tyske anlegg, spreidde nyhende og hjelpte russiske krigsfangar. Det var ved fotografering i ubåthamna på Laksevåg han vart arrestert.

No handlar det om Uskedalen. Dersom nokon kan identifisera, minnst eller har høyrte om mannen, er Morten Nygård i Grenda takksam om ein tek kontakt med Grenda eller direkte på mobil: 971 13 075.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Morten Nygård